

# MYSTERIE-STRIKK «BOBLESTRIKK» MAI 2020

Design: Siri Angela Gamborg



## DEL 1

Tips for maskeauk utan hol: Legg tråden mellom 2 masker opp på venstre pinne. Stikk høgre pinne midt inn i «aukemaska» og hent tråden bakfrå, så den nye maska vert vridd.

- 1) Legg opp 8 m med den lysaste fargen, her ecru (C), snu, str 1 p vr.
- 2) Auk 4 x slik: //1 m r, auk 1 m, 1 m r// til 12 m på pinnen, snu, strikk vr tilbake.
- 3) Auk 4 x slik: //1 m r, auk 1 m, 1 m r, auk 1 m, 1 m rett// til 20 m på pinnen, snu, str vr tilbake
- 4) Strikk no arbeidet over på 4 pinnar og strikk kun glattstrikk vidare:
- 5) Auk 4 x slik: //1m r, auk 1m, 3m r, auk 1m, 1m r// til 28m i omg.
- 6) Ta arbeidet saman og strikk 1 omg r

Fortsett å auke annakvar omg slik:

1m mellom 1. og 2.m og mellom nest siste og siste m på kvar pinne, deretter 1 omg r

- 7) 1 omg svart (A) (med auking til 36m)
- 8) 1 omg raudt (B) (utan auking)
- 9) 1 omg raudt (med auking til 44m)
- 10) 1 omg raudt (utan auking)
- 11) 1 omg svart (med auking til 52m)
- 12) Bytt farge til gul (D), strikk 4 omg vidare **med auking i annan kvar omg. Fortsett å auke annankvar omgang ut del 1.**
- 13) 1 omg svart
- 14) 5 omg ecru (C)
- 15) 1 omg svart
- 16) 2 omg raudt

Pass på å stramme tråden i dei omgangane det ikkje er fargeskift, så det ikkje vert hol eller slark.

No skal arbeidet vere litt fastare i fisken – starten kan lett bli litt laus, men det kan fiksast med synål seinare. No er utfordringa meir å halde orden på dei 4 garn-nøsta... 😊

Del gjerne arbeidet ditt med oss undervegs ved å merke det med @norsktrikotasjemuseum og #mysterieboblestrikk

**LUKKE TIL!**

Del 2 kjem måndag 4.mai!